

Detaljregulering for Zipline i Geiranger

Oppdragsgivar: Explore Geiranger AS
Oppdrag: Detaljregulering av zipline
Rapport type: ROS-analyse
Prosjektnr.: 18113
Dato : 30.10.2018

ROS- analyse



1 Metodikk i ROS-arbeidet

1.1. Metode

Målsettinga med heilskapleg ROS er å sikre forsvarleg bruk og vern av areal og bygningar i kommunen. Det er ei nasjonal målsetting at tryggleiks- og beredskapsomsyn skal inn som ein viktig del av samfunnsplanlegginga. Ros-analysen tek utgangspunkt i metode og faseinndeling som vist i figuren under. Tiltak og oppfølging i plan er vidare tema i planomtalen og blir ført inn i plankart og føresegner.

Analysen bygger på følgjande styrande dokument og grunnlagsdokumentasjon, lov/forskrift, offentlege databasar osv:

Rapporter:

- Ny brannstasjon i Geiranger (2017), NGI
- Synspunkter angående Via Ferrata og Zipline i Flydalsjuvet, Gjørvaerberget og Maråkelva i Geiranger, Stranda kommune, Møre og Romsdal i forhold til rovfugl generelt og hubro spesielt (Notat 2018:2), Faunafokus AS
- Stranda kommune (eksisterande planer)
- Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2016)
- Sikkerhet mot kvikkleireskred (veileder 7-2014), NVE

Nettsider:

- www.nve.no
- www.gislink.no
- www.ngu.no
- www.sjt.no (statens jernbanetilsyn)
- www.naturbase.no
- www.artsdatabanken.no
- www.grunn.miljodirektoratet.no
- Rettleiing frå dsb: <https://www.dsb.no/lover/risiko-sarbarhet-og-beredskap/>

1.2. Vurderingskriterium og akseptert risiko

Risikomatriza gir ein kvantifiserbar og visuell framstilling av risiko- og sårbarheitsanalysen.

Vurdering av sannsyn for uønska hendingar generelt er delt i:

Sannsyn:		
5	Svært sannsynleg/kontinuerleg	Skjer kvar veke/forhold som kontinuerleg er tilstades
4	Mykje sannsynleg/periodevis, lengre varigheit	Skjer månadleg/forhold som opptre i lengre periodar, fleire månader
3	Sannsynleg/fleire einskildtilfelle	Skjer årleg/kjenner tilfelle med kort varigheit
2	Mindre sannsynleg/kjenner tilfelle	Kjenner eit tilfelle i løpet av 10 år
1	Lite sannsynleg/ingen tilfelle	Kjenner ingen tilfelle men kan ha høyrte om tilsvarande i andre område

Sannsynet for uønska hendingar knytt til naturfare er delt i:

Sannsyn for ras og skred		
5	Svært sannsynleg	Ei hending pr. år eller oftare
4	Mykje sannsynleg	Ei hending pr. 1-100 år
3	Sannsynleg	Ei hending pr. 100-1000 år
2	Mindre sannsynleg	Ei hending pr. 1000-5000 år
1	Lite sannsynleg	Mindre enn ei hending pr. 5000 år

§ 7-3. Sikkerhet mot skred

(1) Byggverk hvor konsekvensen av et skred, herunder sekundærvirkninger av skred, er særlig stor, skal ikke plasseres i skredfarlig område.

(2) For byggverk i skredfareområde skal sikkerhetsklasse for skred fastsettes. Byggverk og tilhørende uteareal skal plasseres, dimensjoneres eller sikres mot skred, herunder sekundærvirkninger av skred, slik at største nominelle årlige sannsynlighet i tabellen nedenfor ikke overskrides.

Tabell 2: Oversikt over dei tre tryggleiksklassane for skred, i følgje Plan- og byggingslova (TEK10).

Tryggleiksklasse for skred/flaum	Konsekvens	Største nominelle årlege sannsyn	Døme
S1	Liten	1/100	Naust, garasjar
S2	Middels	1/1000	Hus, einbustader
S3	Stor	1/5000	Rekkehus, hotell

Tabell 3: Oversikt over dei tre tryggleiksklassane for flaum, i følgje Plan- og byggingslova (TEK10).

Tryggleiksklasse for skred/flaum	Konsekvens	Største nominelle årlege sannsyn	Døme
F1	Liten	1/20	Naust, garasjar
F2	Middels	1/200	Hotell, bustadhus
F3	Stor	1/1000	Sjukehus

Forklaring til soner, klipt frå SGC sin rapport på sak 14321.

Kriteria for å vurdere konsekvensar for uønska hendingar er delt i:

Konsekvens	Karakteristikk	Konsekvens liv, helse og miljø
5 Svært alvorleg/katastrofalt	Særleg stor	Personskade som medfører død eller varige men; mange skadd; langvarige miljøskader
4 Alvorleg/farleg	3 stor	Behandlingskrevjande person- eller miljøskadar og kritiske situasjonar
3 Betydeleg/kritisk	3 stor	Kan føre til alvorlege personskadar/belastande forhold for ei gruppe personar, alvorleg miljøskade
2 Mindre alvorleg/ein viss fare	2 Middels	Få/små person eller miljøskadar/belastande forhold for einskildpersonar
1 Ubetydeleg	1 liten	Ingen person eller miljøskadar/einskilde tilfelle av missnøye

Konsekvens økonomi		
5 Særs alvorleg/katastrofalt		Over 100 mill.
4 Alvorleg/farleg		10-100 mill
3 Betydeleg/kritisk		1 mill. – 10 mill.
2 Mindre alvorleg/ein viss fare		100.000 – 1 mill.
1 Ubetydeleg		0-100.000

Vurdering av konsekvensar av ikkje-ønska hendingar i høve skadetilfelle. Risiko = Sannsyn x Konsekvens.

1.3. Risikomatrixe

Tabell 1 Matrixe for risikovurdering

Konsekvens Sannsyn	1 Ubetydeleg ufarleg	2 Mindre alvorleg/ ein viss fare	3 Betydeleg/ kritisk	4 Alvorleg/ Farleg	5 Svært alvorleg/ Katastrofalt
5 Svært sannsynleg/ kontinuerleg	5	10	15	20	25
4 Mykje sannsynleg/ periodevis	4	8	12	16	20
3 Sannsynleg/ fleire enkelt- tilfelle	3	6	9	12	15
2 Mindre sannsynleg/ kjende tilfelle	2	4	6	8	10
1 Lite sannsynleg/ ingen tilfelle	1	2	3	4	5

- Hendingar i raude felt: Tiltak er naudsynt
- Hendingar i gule felt: Tiltak vert vurdert gjennom kost/nytte
- Hendingar i grønne felt: Enkle tiltak gjennomførast der det gjev effekt

Tiltak som reduserer sannsyn skal fyrst vurderast. Om dette ikkje gir effekt eller er mogeleg, skal tiltak som avgrensar konsekvensane vurderast.

2 Risiko- og sårbarheit (ROS-analyse)

2.1. Bakgrunn

I samsvar med plan- og bygningslova § 4-3 samfunnssikkerhet og risiko- og sårbarhetsanalyse har ein vurdert alle risiko- og sårbarhetsforhold som har innverknad på om planområdet er eigna til arealbruksfremåla og kva eventuelle tiltak som må gjennomførast for å oppnå akseptabel risiko.

2.2. Skildring av analyseobjekt

Planen legg til rette for etablering av zipline i Geiranger. Zipliten er lokalisert i overkant av Norsk Fjordsenter. Anlegget vil ligg tett på planer for framtidig bustadområde og framtidig brannstasjon.

Zipliten vil ha start- og endestasjon ved Fjordsenteret. Brukarane vil måtte gå til fots frå Fjordsenteret og opp til startpunktet. Zipliten vil frakte brukarane ned igjen i retning Fjordsenteret.

2.3. Kartlegging av moglege hendingar/potensielle farar

Potensiell fare er vurdert gjennom analyseskjema. Tenkjelege hendingar, risikovurdering og moglege tiltak er samanfatta i følgjande tabell. Alle punkt i sjekklita er vurdert. Urealistiske hendingar knytt til denne planen er teke ut etter eit fagleg skjønn. Risiko = Sannsyn x Konsekvens. Sjekklita sine punkt skal omfatte både hendingar som er aktuelle i no- situasjon og som er konsekvensar av å gjennomføre planen.

ANALYSE							
Uønska hending	Kons før	Kons av	Sanns.	Kons.	Risiko	Kommentar/ Tiltak	Kjelde
Sjekkliste:							
Natur- og miljøforhold							
Ras/skred/flo/brann							
1. Steinsprang	J	N	3	1	3	Planområdet ligg innanfor aktsemdsområde for steinsprang. Det er i samband med tidlegare reguleringsplanar gjennomført vurdering av faren for steinsprang, som syner at planområde ikkje er direkte råka at fare for steinsprang. Det er i planen for zipline ikkje planlagt byggetiltak ut over sjølve ziplinen.	Kartdata frå NVE Ny brannstasjon i Geiranger, skredfarevurdering, (2017) NGI Nordplan AS
2. Masseutgl/ leirskred/flaum-skred/kvikkleire	J	N	1	3	3	Deler av planområde ligg under marin grense. Lausmassekart viser breelavsetning og elveavsetning. Det vert ikkje planlagt nye byggeområde innanfor planavgrensinga. Tidlegare skredfarekartlegging syner at planområdet ikkje er utsett for jord og flaumskred.	www.gislink.no www.ngu.no Sikkerhet mot kvikkleireskred, Veileder 7-2014 Ny brannstasjon i Geiranger, skredfarevurdering, (2017) NGI Nordplan AS
3. Snøskred	J	N	3	1	3	Det er gjennomført ei vurdering av snøskredfaren i området, og delar av planområdet ligg innanfor område for 1000-årsskred. Det er ikkje planlagt byggetiltak innanfor planområdet som vil vere råka av faresona.	Kartdata frå NVE Ny brannstasjon i Geiranger, skredfarevurdering, (2017) NGI Nordplan AS
4. Dambrot	N	N	-	-	-	Tiltaket er ikkje utsett for dambrot.	www.gislink.no Nordplan AS
5. Elveflaum/ tidevassflaum/ stormflo	J	N	2	1	2	Deler av planområdet kan vere utsett for flaum, men sjølve ziplinen tek utgangspunkt i tre som ligg høgt i terrenget og linene vil vere festa om lag 4 meter oppe i trea. Stisystem i	Kartdata frå NVE Nordplan AS

ANALYSE							
Uønska hending	Kons før	Kons av	Sanns.	Kons.	Risiko	Kommentar/ Tiltak	Kjelde
						tilknytning til anlegget kan vere oversvømt i periodar.	
6. Overflatevatn/ klimaendr. Nedbørutsett	J	N	1	1	1	Tiltaket er ikkje utsett for overflatevatn og vil ikkje føre til fleire tette flater som kan forverre omfanget av overflatevatn.	Nordplan AS
7. Skogbrann (større/farlig)	N	N	-	-	-	Ikkje relevant	Nordplan AS
8. Brann/sløkkevatn /tilkomst for brannbil	N	N	-	-	-	Tiltaket krev ikkje sløkkevatn.	Nordplan AS
Vær, vindeksponering							
9. Vindutsette område (Ekstremvær, storm og orkan)	N	N	3	2	6	Vind vil kunne føre til stor rørse i tre og dermed spenningar i liner som er festa i trea. Statens jernbanetilsyn sin standard skal leggjast til grunn for utforming av anlegget. Dei som drifter anlegget må ha prosedyrar for vedlikehald og drift av anlegget.	www.sjt.no
Natur- og kulturområder							
10. Sårbar flora	J	J	2	3	6	Tiltaket vil ligge innanfor nedre del av areal sikra som naturtypeområde bekkekløft og bergvegg (Flydalsjuvet). Naturtypen er vurdert som svært viktig. Tiltaket vil ligge utanfor kjerneområdet til naturtypen. Det er registrert kort trollskjegg i området. Kort trollskjegg er nært truga. Den største aktiviteten vil vere i start- og endepunkt. Den resterande aktiviteten vil foregå i lufta og vil ikkje føre til slitasje på sårbar flora.	www.naturbase.no www.gislink.no www.artsdatabanken.no

ANALYSE							
Uønska hending	Kons før	Kons av	Sanns.	Kons.	Risiko	Kommentar/ Tiltak	Kjelde
11. Forholdet til naturmangfaldlova						Sjå eige avsnitt under.	
12. Sårbar fauna /fisk, verneområde og vassdragsområde	J	N	2	3	6	<p>Flydalsjuvet er ein mogleg hekkeplass for hubro. Det er ikkje registrert hubro siden 2006, men det er likevel gjennomført ei vurdering av om lokaliteten er egna som hekkeområde og om nye tiltak og ny aktivitet kan skade denne kvaliteten. I notatet frå Faunafokus AS så går det fram av vurderinga at det ikkje er ynskjeleg at det etablerast fleire kollisjonsfarlege punkt for hubro.</p> <p>Nordplan AS meiner at vurderinga i for liten grad diskuterer/problematiserer dei planane som allereie er vedteken i området. Slik planforslaget føreligg, vil ziplinen ligge i kantsona til framtidig bustadområde og brannstasjon. Slik lina er tenkt så vil den ligge 10-50 meter frå framtidige bustadtomter.</p> <p>Nordplan vil også påpeka at omfanget av planforslaget er redusert i forhold til tiltaket som Faunafokus AS har vurdert.</p>	www.gislink.no Notat 2018:2: Synspunkt angående Via Ferrata og Zipline i Flydalsjuvet, Gjørvaerberget og Maråkelva i Geiranger, Stranda kommune, Møre og Romsdal i forhold til rovfugl generelt og hubro spesielt, Faunafokus AS
13. Fornminne (Automatisk freda)	N	N	1	1	1	Det føreligg ikkje registreringar av fornminne innanfor eller i konflikt med planområdet.	www.gislink.no
14. Kulturminne/-miljø	N	N	1	1	1	Det er ingen kulturminne/miljø innanfor planområdet.	www.gislink.no
15. Grunnvass-stand	N	N	-	-	-	Ikkje relevant	Nordplan AS
Menneskeskapte forhold							
Risikofylt industri mm.							

ANALYSE							
Uønska hending	Kons før	Kons av	Sanns.	Kons.	Risiko	Kommentar/ Tiltak	Kjelde
16. Kjemikalie/ petroleum/ eksplosiv (kjemikalieutslep p på land og sjø)	N	N	-	-	-	Ikkje relevant	Nordplan AS
17. Avfall (ulovleg plassering/ deponering/ spredning farlig avfall)	N	N	-	-	-	Ikkje relevant	Nordplan AS
Strategiske område							
18. Brot i transportnett, veg, bru, knutepunkt	J	J	1	1	1	Ziplinen kan komme i konflikt med framtidig vegtilkomst til nytt bustadområde. Det må i planen bli stilt krav som sikra framkomsten på denne tilkomstvegen.	Stranda kommune Nordplan AS
19. Forsyning kraft/ elektrisitet (Samanbrot i kraftforsyning)	J	N	-	-	-	Ikkje relevant	Nordplan AS
20. Svikt i fjernvarme	N	N	-	-	-	Ikkje relevant	Nordplan AS
21. Vassforsyning (Svikt/ureining av drikkevassforsyni ng)	N	N	-	-	-	Ikkje relevant	Nordplan AS
22. Avlaup-systemet (Svikt eller brot)	N	N	-	-	-	Ikkje relevant	Nordplan AS
23. Terror/sabotasje/ skadeverk. Vold/ran og gisselsituasjon (eller trugsmål om)	J	N	1	1	1	Geiranger som ein viktig reiselivsdestinasjon med svært mange besøkande vil kunne vere eit terrormål. Men tiltaket vert ikkje vurdert som særleg utsett.	Nordplan AS
24. Tele/ Kommunikasjons samband (samanbrot)	N	N	-	-	-	Ikkje relevant	Nordplan AS
25. Brann (med større konsekvensar)	N	N	-	-	-	Ikkje relevant	Nordplan AS
26. Samanrasing av bygning/ konstruksjonar	N	N	1	3	3	Linene vil bli festa i tre. Ein må kunne dokumentere tryggleiken før ein opnar for kommersiell drift.	www.sjt.no

ANALYSE							
Uønska hending	Kons før	Kons av	Sanns.	Kons.	Risiko	Kommentar/ Tiltak	Kjelde
						Statens jernbanetilsyn sin standard for zipliner skal leggjast til grunn for utforming av anlegget.	
Andre ureiningskjelder							
27. Bustadureining	N	N	-	-	-	Ikkje relevant	Nordplan AS
28. Landbruksureining	N	N	-	-	-	Ikkje relevant	Nordplan AS
29. Akutt ureining	N	N	1	1	1	Tiltaket vil føre til økt aktivitet i området, men en kan ikkje sjå at dette aukar faren for akutt ureining.	Nordplan AS
30. Støv og støy; industri	N	N	-	-	-	Ikkje relevant	Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2016) Nordplan AS
31. Støv og støy; trafikk	N	N	-	-	-	Ikkje relevant	Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2016) Nordplan AS
32. Støy; andre kjelder	N	N	-	-	-	Ikkje relevant	Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2016) Nordplan AS
33. Ureining i sjø/vassdrag	N	N	1	1	1	Det er ikkje registrert ureining i vassdraget. Det er ikkje forventa at tiltaket vil medføre ureining.	www.gislink.no
34. Ureining i grunn	N	N	1	1	1	Det er ikkje registrert ureining i grunnen innanfor planområdet. Det er heller ikkje forventa at tiltaket vil føre til ureining.	http://grunn.miljodirektoratet.no/
35. Radongass	J	N	-	-	-	Det er registrert moderat til lav radonfare i området. Tiltaket er ikkje utsett for radonstråling.	http://geo.ngu.no/kart/radon/

ANALYSE							
Uønska hending	Kons før	Kons av	Sanns.	Kons.	Risiko	Kommentar/ Tiltak	Kjelde
36. Høgspenline	N	N	-	-	-	Tiltaket er ikkje i konflikt med høgspenliner eller utsett for stråling frå høgspenliner.	Nordplan AS
Trafikktryggleik							
37. Ulykke med farlig gods	N	N	-	-	-	Det er ikkje transport av farleg gods i nærleiken av planområdet. Tiltaket er ikkje utsett for ulukker med farleg gods.	Nordplan AS
38. Ulykke ved inn,- og utkøyring.	J	N	1	1	1	Det er konfliktpunkt mellom ziplinen og kryssing av veger. Ein må sørge for tilstrekkeleg frihøgde over vegane. Frihøgda må vere i samsvar med vegvesenet handbøker.	Nordplan AS
39. Ulykke med gåande/syklende	J	N	1	1	1	Det er konfliktpunkt mellom ziplinen og kryssing av veger. Ein må sørge for tilstrekkeleg frihøgde over vegane. Frihøgda må vere i samsvar med vegvesenet handbøker.	Nordplan AS
40. Vær/føre avgrensar tilkomst til området	J	N	1	1	1	Flaum og større snømengder kan avgrense tilkomsten til området. I periodar tiltaket ikkje er tilgjengeleg på grunn av naturgitte forhold, må anlegget stengjast.	Nordplan AS

2.4. Forholdet til naturmangfaldlova

I tråd med føremålet til naturmangfaldlova (nml) søkjer ein i planforslaget å legge til grunn ein berekraftig bruk og vern av naturen.

Med henvisning til kapittel 4.5 i planomtalen legg ein til grunn at det er registrert særlege verdiar innanfor området, og at ein difor har valt å innhente ytterlegare kunnskapsgrunnlag om hekklokalitet for hubro for å ta stilling til verknadene av planforslaget. Nordplan meiner at på grunn av allereie planlagt utvikling av området, så er det er lite truleg er planforslaget vil gjere irreversibel skade på naturmangfaldet, jamfør nml § 9. Omfanget av utbygginga er liten og utgjer ikkje ei stor belastning når ein legg til grunn andre utviklingsplanar i området, jamfør § 10 i nml. Tiltaket er vurdert i forhold til § 12 i nml og ein meiner at tiltaket vil baserast på miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar. Området har ut frå ei totalvurdering ei god lokalisering m.o.t. m.a. behov for nye infrastrukturtiltak som vegar, parkering og sanitære fasilitetar, omsynet til kulturminne og landskap. § 11 om at tiltakshavar skal dekke kostnader ved å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet vert rekna som lite relevant for dette planvedtaket.

2.5. Zipline og Statens jernbanetilsyn

Statens jernbanetilsyn fører tilsyn med zipliner og gir ulike verksemder driftstillatelse. Statens jernbanetilsyn skal sjå til at det føreligg formålstjenleg regelverk om tryggleik. I tillegg fører dei tilsyn med at regelverket blir følgd. Ansvar for tryggleiken ligg fullt og heilt hjå den som drifter fornøyelsesinnretninga.

2.6. Risikomatrix for planforslaget

Konsekvens	1 Ubetydeleg ufarleg	2 Mindre alvorleg/ ein viss fare	3 Betydeleg/kritisk	4 Alvorleg/Farleg	5 Svært alvorleg/Katastrof-alt
Sannsyn					
5 Svært sannsynleg/kontinuerleg	5	10	15	20	25
4 Mykje sannsynleg/periodevis	4	8	12	16	20
3 Sannsynleg/fleire enkelttilfelle	3	6 -Vindutsett	9	12	15
2 Mindre sannsynleg/kjende tilfelle	2	4	6 -Flora -Fauna	8	10
1 Lite sannsynleg/ingen tilfelle	1	2	3	4	5

2.6.1. Kommentar og tiltak

Vindutsett


Området er ikkje spesielt vindutsett, men anlegget er sårbart for vind. Tiltakshavar må sørge for at anlegget tilfredsstill Statens jernbanetilsyn sitt regelverk for å ivareta tryggleiken. Det må også vere rutine for vedlikehold og drift/driftstans mellom anna med tanke på ver og vind.

Flora

Deler av planområde ligg i naturtype; bekkeløft og bergvegg. Det er registrert ein raudlisteart innanfor planområdet. Ettersom aktiviteten i all hovudsak vil skje oppe i lufta utan å vere i kontakt med bakken så vil tiltaket ha eit svært lite fotavtrykk, og vil ikkje belaste naturtypen i særleg grad. Det vil ikkje vere naudsynt med avbøtande tiltak.

Fauna

Planområdet er del av eit hekkeområde for hubro. Det var siste registrert hubro i området i 2006. Det er i forbindelse med planarbeidet utarbeidd en rapport som anbefaler å ikkje opne for etablering av zipline i området. Etter Nordplan AS si vurdering så tek denne rapporten i for liten grad inn over seg dei planane som allereie er vedtatt i området. Ziplinen vil ligge tett på planlagde bustadområde og framtidig brannstasjon.



Den svarte stipla linja viser omtrent kor ziplinen er tenkt plassert og korleis framtidig arealbruk er tenkt i området. Nordplan AS meiner at ein i for liten grad tek framtidig arealbruk med i vurderinga hekkeområde for hubro. Illustrasjon: Nordplan AS.

Ziplinen er etter dialog med Fylkesmannen og med bakgrunn i fagrapport redusert i omfang. Dette betyr at omfanget av planforslaget er mindre en tiltaket som Faunafokus AS har vurdert og mykje mindre en tiltaket som var varsla ved varsel om oppstart. Med bakgrunn i synfaring med Fylkesmannen med påfølgande tilbakemelding, fagrapport frå Faunafokus AS og gjeldande plansituasjon meiner Nordplan AS at kunnskapsgrunnlaget er godt og at sannsynet for konflikt mellom hekkande hubro og ziplinen som vil ligge tett på framtidig busetnad er liten.

2.6.2. Risiko i no-situasjon og etter utbygging

Området er i dag eit lite brukt naturområde og det er liten risiko knytt til dagens arealbruk. Framtidige planar opnar for utbygging som vil medføre fjerning av skog, etablering av vegar og bustader, brannstasjon og økt aktivitet.

Planen for etablering av zipline vil ligge tett på dei framtidige utbyggingsområda. Ziplinen vil generere aktivitet i det resterande naturområdet langs elva, og kan utgjere ein trussel mot rovfuglar generelt og hubro spesielt. Det er ikkje observert hubro i området sidan 2006.

Planar for utbygging vil endre området karakter betydeleg. Denne endringa vil etter Nordplan sin vurdering gjere denne delen av naturområdet lite egna som hekkeområde. Når ziplinen planleggast så tett på framtidig busetnad (10-50 meter frå bustadtomter) og det ikkje er observert hubro i seinare tid, meiner Nordplan at sannsynet for konflikt mellom hubro og ziplinen er mindre enn kva som reflekterast gjennom føreliggande fagrapport.

Nordplan meiner med bakgrunn i denne kunnskapen at risikoen knytt til zipline er akseptabel og at det ikkje er behov for avbøtande tiltak.